



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Fylkeshuset, 6400 Molde
Telefon: (072) 58000 Telefax: (072) 58510

ØRSTA KOMMUNE RÅDMANNSKONTORET			
18 JUNI 1993			
J.nr.	Arkiv nr.	Saksbeh.	Unntatt off.
1724	452	GW	

Ørsta kommune
6150 ØRSTA

Dykkar ref.:

Vår ref.:
93/04507/462.44/PDB

Dato:
16.06.93

ELVEPERLEMUSLING I ÅMDALSELVA I ØRSTA KOMMUNE

Vi viser til rapporten frå undersøkinga av elveperlemuslingbestanden i Åmdalselva i 1992/93.


Elveperlemuslingen/elvemusling (*Margaritifera margaritifera*) er sterkt trua i minst 15 land i Europa. Årsakene kan m.a. vere overbeskatning, regulering, overgjødning eller forsurening. Arten er sårbar og er derfor ført opp på Bernkonvensjonen si liste III. Noreg er ikkje forplikta til å totalfredre artar som står på denne lista, men det skal om naudsynt setjast i verk vernetiltak.

Direktoratet for naturforvaltning har utarbeidd ei liste over trua dyreartar i Noreg (DN-rapport 1992-6). Eit av kriteria ved utveljinga av artar for oppføring på denne lista er at arten er trua på landsbasis. På lista over trua dyreartar er elveperlemusling vurdert til å vere sårbar. For å ivareta den forpliktinga Noreg har i samband med Bernkonvensjonen er det med heimel i Lov av 15.mai 1992 om laksefisk og innlandsfisk m.v. gitt ei eiga forskrift om fangst av elveperlemusling. Forskrifta legg strenge restriksjonar på beskatninga og understrekar dermed det ansvaret Noreg har for å verne muslingen.

Vår oversikt over elveperlemusling i fylket er ikkje tilfredsstillande. Gjennom den kartlegginga av ferskvassfiskressursane som Fylkesmannen er i gang med vonar vi å få registrert alle vassdrag med elveperlemusling. I samband med dette er det av stor interesse at andre vassdrag i Ørsta kommune vert undersøkte med omsyn på elveperlemusling.

Undersøkinga av elveperlemuslingbestanden i Åmdalselva er svært verdfull og er viktig for vernet av arten i vassdraget. Registreringa viser at Åmdalselva har ein livskraftig bestand av elveperlemusling, kanskje ein av dei største i fylket. For å verne om elveperlemuslingen i Åmdalselva er det viktig at livsmiljøet til muslingen vert oppretthalde slik det er i dag.

Med helsing


Kolbjørn Megård (e.f.)
fung. fylkesmiljøvernssjef


Trond Haukebø

Kopi:

NVE, Førde
Direktoratet for naturforvaltning

Saksbehandlar:

Pernille D. Bruun, tlf. 072-58859